

**FORSKRIFT  
OM  
VASS- OG AVLØPSGEBYR  
I  
VOSS HERAD**

Versjon pr. 13.August 2019

Vedtatt av fellesnemnda den ..... i medhald av lov av 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 3 og forskrift av 1. juli 2004 nr. 931 om begrensnig av forureining (forurensningsforskriften) kapittel 16.

# Innhold

1.	Generelle bestemmingar .....	2
§ 1-1	Formål.....	2
§ 1-2	Verkeområdet.....	2
§ 1-3	Definisjonar.....	2
§ 1-4	Gebyrtypar .....	2
2.	Tilknytingsgebyr.....	3
§ 2-1	Gebyrplikt .....	3
§ 2-2	Utforming av gebyret .....	3
§ 2-3	Ansvar og betalingsfrist .....	3
3.	Årsgebyr.....	4
§ 3-1	Gebyrplikt .....	4
§ 3-2	Utforming av gebyr.....	4
§ 3-3	Abonnementsgebyr (fastledd).....	4
§ 3-4	Forbruksgebyr basert på målt forbruk .....	4
§ 3-5	Forbruksgebyr basert på stipulert forbruk .....	5
§ 3-6	Frådrag eller tillegg i årsgebyret.....	5
§ 3-7	Ansvar og betalingsfrist .....	5
§ 3-8	Ansvar for opplysningar om abonnent.....	5
§ 3-9	Retting av feil gebyrberekning.....	6
4.	Vassmålar .....	6
§ 4-1	Installasjon.....	6
§ 4-2	Eigartilhøve .....	6
§ 4-3	Kostnadar.....	6
§ 4-4	Avlesing av vassmålar .....	6
§ 4-5	Tilsyn og vedlikehald.....	6
§ 4-6	Utsifting, flytting og eigarskifte .....	6
§ 4-7	Nøyaktigheitskontroll .....	7
5.	Eigendom med midlertidig tilknytning. ....	7
6.	Avsluttande bestemming.....	7
§ 6-1	Lovpant og tvangsgrunnlag for utlegg.....	7
§ 6-2	Klagerett og vedtaksmynde.....	7
§ 6-3	Iverksetjing .....	7

## 1. Generelle bestemmingar

### § 1-1 Formål

Formålet med forskrifta er å gi bestemming om berekning og innbetaling av dei gebyr abonnentane skal betale for dei vass- og avløpstenestene som kommunen leverer.

### § 1-2 Verkeområdet

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjonen av abonnent i § 2, og ho fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

### § 1-3 Definisjonar

#### a) Abonnent

Eigar av eigedom som er tinglyst med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer, seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer) og/eller eigar av eigen buening som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning, eller som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravt tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Festar av eigedom skal stå som abonnent dersom attståande festetid då gebyrplikta tok til å gjelde er 30 år eller meir. Dette gjeld også dersom festar har rett til å få festeavtalen forlenga, slik at samla festetid frå gebyrplikta tek til å gjelde vil kunne bli 30 år eller meir om festaren nyttar seg av retten sin.

#### b) Eining

- Med eining i denne forskrifta er meint buening og/eller næringseining som er registrert i grunnboka med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer).
- Buening er husvære med eigen inngang, eige kjøkken og bad/toalett.

#### c) Kombinasjonsbygg

- Bygg med både bueningar (bustadar) og næringsverksemd.

#### d) Kommunale vass- og avløpsanlegg

- Hovudanlegg for vatn og/eller avløp som kommunen eller anna offentlegrettsleg organ har bygd eller tatt over ansvaret for.

#### e) Private vass- og avløpsanlegg

- Som privat vass- og avløpsanlegg vert rekna private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor huset sine ytterveggar som er tilknytt offentlig vass- og/eller avløpsanlegg. Som privat anlegg vert vidare rekna eitkvart anlegg som kommunen eller anna offentlegrettsleg organ sjølv ikkje har bygd, ikkje har overtatt ansvaret for etter plan- og bygningslova sine reglar eller ikkje på anna måte har påtatt seg ansvaret for gjennom skriftleg erklæring eller ved sin handlemåte/åtfærd. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikk-leidninga rekna til og med tilkoplingspunkt for vatn og grein for avløp.

#### f) Gebyrregulativet

Dette er den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane blir kvart år oppdaterte gjennom vedtak i kommunestyret.

### § 1-4 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- a) Tilknytingsgebyr (eingongsgebyr for tilknytning).
- b) Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr).
- c) Gebyr ved midlertidig tilknytning.
- d) Vassmålargebyr.
- e) Tilsynsgebyr.

## 2. Tilknytingsgebyr

### § 2-1 Gebyrplikt

Eingongsgebyr for tilknytning skal betalast i følgjande tilfelle:

- a) Nybygg
- b) For eksisterande einingar som blir tilknytte kommunalt nett frivillig eller som kommunen krev tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom felles stikkleidning, i medhald av PBL. §§ 27-1, 27-2, og/eller § 30-6.

Tilleggsgebyr vert krevd for tilbygg eller påbygg som aukar eksisterande bygningsareal med meir enn 50 kvadratmeter BRA. Dette gjeld både for bustad, fritidsbustad og næringsareal samt areal til offentlege formål. Det skal i slike tilfelle betalast for heile utvidinga.

Tilknytingsgebyret skal betalast etter dagens satsar uavhengig av om tilknytninga er godkjent eller ikkje.

### § 2-2 Utforming av gebyret

For busetnad som vert nytta som heilårsbustad og fritidsbustad, vert tilknytingsgebyret fastsett for den enkelte seksjon eller buening. Storleiken på tilknytingsgebyret vert fastsett i trinn som oppgitt nedanfor basert på busetnadens bruksareal (BRA). BRA vert berekna etter NS 3940.

BRA m <sup>2</sup>	Tilknytingsgebyr
0-150	Trinn 1
150-250	Trinn 2
250 -	Trinn 3

Satsen for det enkelte år vert fastsett av kommunestyret og går fram av gebyrregulativet.

For anna busetnad som til dømes offentlege bygg, næringsbygg og næringsdelen av bygg for blanda formål vert tilknytingsgebyret fastsett basert på BRA × pris pr. kvm, og etter følgjande tabell:

BRA m <sup>2</sup>	Tilknytingsgebyr
0-1000	Sats 1
1000-2000	Sats 2
2000-3000	Sats 3
3000 og større	Sats 4

For sanitærbygg ved campingplasser o.l. skal tilknytingsgebyr betalast tilsvarande 50 m<sup>2</sup> pr. godkjent oppstillingsplass for campingvogner og bubilar.

### § 2-3 Ansvar og betalingsfrist

Abonnementen er ansvarleg for å betale tilknytingsgebyr til kommunen. Dette gjeld også der faktura for tilknytingsgebyr er sendt til tiltakshavar, føresett at tilknytingsgebyret står ubetalt på tidspunktet for den fysiske tilknytninga til kommunen si vass- og/eller avløpsleidning.

Tilknytingsgebyret vert fakturert når igangsetjingsløyve til oppføring av ny busetnad er gitt. eller når løyve til tilknytning er gitt eller reint faktisk har funne stad for bestående busetnad.

### 3. Årsgebyr

#### § 3-1 Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast av abonnenten som eigar/festar av alle eigedommar angitt i § 1 som er tilknytte kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning eller som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven §§ 27-1, 27-2 eller § 30-6 har kravt tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

Den faste delen av årsgebyret (abonnementsgebyret) vert rekna frå månaden etter at eigendommen er godkjend tilknytt kommunalt leidningsnett etter pkt. 2.4 i standard abonnementsvilkår for vatn- og avløp.

Er tilknyttinga ikkje godkjend av kommunen, skal abonnenten betala både abonnementsgebyr og forbruksgebyr frå og med det tidspunkt tilknyttingen er føretatt. Har kommunen ikkje anna berekningsgrunnlag, vert gebyret fastsett etter skjønn. Slik berekning inneber ikkje at kommunen har godkjent tilknyttinga.

#### § 3-2 Utforming av gebyr

Årsgebyret for høvesvis vass- og/eller avløpstenester skal betalast av alle abonnentar, og består av to delar:

1. Abonnementsgebyr (årsgebyret sin faste del)
2. Forbruksgebyr (årsgebyret sin variable del)

Storleiken på abonnentsgebyr og prisen pr. kubikkmeter vatn for vatn- og avløp vert årleg fastsett av kommunestyret, og går fram av gebyrregulativet.

#### § 3-3 Abonnementsgebyr (fastledd)

Alle abonnentar pliktar å betale abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert differensiert etter følgjande brukarkategoriar:

- a) Heilårsbustad, burettslag osv.
- b) Fritidsbustad
- c) Næringsbygg, offentlege bygg og bygg for andre blanda føremål.

Alle abonnentar i ein brukarkategori betaler eit like stort fast beløp, som går fram av gebyrregulativet. For bueiningar som vert nytta som heilårsbustad eller fritidsbustad vert abonnementsgebyret fastsett for den enkelte seksjon eller busetnad. Abonnementsgebyret for fritidsbustadar vert fastsett lik  $N$  (normalgebyr) x 1,5.

For offentlege bygg og næringsbygg, inkludert næringsdel i kombinasjonsbygg, fastsettast abonnementsgebyret for vatn- og avløp trinnvis i tre kategoriar på grunnlag av dimensjonen på inntaksleidninga slik dette går fram av tabellen under.

Dimensjon på leidning i Ø Dy-mm	Gebyrstorleik $N \times$ abonnementsgebyret for bueining
Mindre eller lik 55	$N = 1$
56-99	$N = 6$
Større en 99	$N = 10$

#### § 3-4 Forbruksgebyr basert på målt forbruk

Alle nye abonnentar, samt eksisterande næringsabonnentar og abonnentar som er eigarar av eksisterande våningshus på gardsbruk, pliktar å betala forbruksgebyr basert på målt vassforbruk og pris pr.m<sup>3</sup>. Forbruket skal målast med installert vassmålar. Frist for installering av slik målar vert sett til 1. januar 2023. Kommunen kan også i andre tilfelle bestemma at vassmålar skal installerast.

Eksisterande bueiningar (bustadhus, rekkehus, blokkar mv.) som er knytte til kommunal vassleidning, kan og velje å installere vassmålar eller få gebyret utrekna etter areal og stipulert vassforbruk i tråd med § 3-5. Når målar først er installert, kan abonnenten ikkje sjølv velje å gå tilbake til stipulert forbruk.

Avløpsmengde vert rekna lik vassmengd. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten. Satsane går fram av gebyrregulativet.

### **§ 3-5 Forbruksgebyr basert på stipulert forbruk**

Dersom vassmålar ikkje er installert, er i ustand, eller kommunen av andre årsaker ikkje har mottatt målaravlesing frå abonnenten, skal forbruksgebyret stipulerast basert på eigendommen sitt BRA rekna ut etter NS 3940 multiplisert med ein omrekningsfaktor på 1,2 kubikkmeter pr. kvadratmeter BRA. Satsane pr. kvadratmeter som vert nytta ved stipuleringa av forbruksgebyret, går fram av gebyrregulativet.

Avløpsmengda vert rekna lik vassmengda. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

### **§ 3-6 Frådrag eller tillegg i årsgebyret.**

Dersom avløpsmengda frå ein næringsabonnt er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret for avløp baserast på målt eller stipulert/berekna avløpsmengde (utslepp) dersom bedrifta kan sannsynleggjere differansen.

Frådrag i årsgebyret for andre enn næringsabonntar er avhengig av at det vert installert avløpsmålar for å dokumentera storleiken på frådraget.

For næringsverksemd og offentleg verksemd, der avløpsvatnet si samansetjing avvik frå vanleg hushaldsavløpsvatn, kan det fastsetjast ulike gebyrsatsar.

Restriksjonar på vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløp, gir ikkje grunnlag for reduksjon i gebyr.

Det kan gjevast fritak frå årsgebyret (både abonnementsgebyr og forbruksgebyr) dersom abonnenten vert fråkopla det kommunale leidningsnett. Dette gjelder berre der det ikkje føreligg tilknytingsplikt til kommunalt leidningsnett. Der det ligg føre tilknytingsplikt kan det berre gis frådrag for forbruksgebyret.

Søknad må i slike tilfelle sendast til kommunen. Fråkopling kan først skje etter at kommunen har gjeve godkjenning. Abonnenten må betale alle kostnadar kommunen har i samband med fråkopling og eventuelle seinare tilkoplingar. Ved innvilga søknad om fritak opphøyrer plikta til å betale årsgebyr frå det tidspunkt melding om at tilkoplingspunktet har blitt plombert, er registrert mottatt.

### **§ 3-7 Ansvar og betalingsfrist**

Abbonnten er ansvarleg for å betala årsgebyr til kommunen.

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr skal innkrevjast akonto på felles faktura basert på føregåande års forbruk der dette er kjent, og fordelast over 3 terminar pr. kalenderår. Dei enkelte terminane har kvart år forfall den 20. mars (1. termin), 20. juni (2. termin) og 20. oktober (3. termin). Det same gjeld plikta til å betala vassmålargebyr, jf. pkt. 4.

Plikt til å betala årsgebyr finn stad frå og med det tidspunkt bruksløyve for eit nytt bygg er gitt. For eksisterande bygg og for bygg som er tilknytt utan at bruksløyve er innhenta, byrjar plikta til å betala frå det tidspunktet då faktisk tilknytning til kommunen sitt leidningsnett fant stad. Akonto fakturering vert i desse tilfella basert på stipulert forbruk basert på areal berekna etter NS 3940.

### **§ 3-8 Ansvar for opplysningar om abonnent**

Abbonnten skal melda frå om endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil kommunen har motteke slik melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentsdata frå matrikkelen, skal abonnenten betala årsgebyr som tidlegare.

### **§ 3-9 Retting av feil gebyrberekning**

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Ved slik retting av gebyrberekninga vil kommunen halde seg til foreldelsesloven sine bestemningar.

## **4. Vassmålar**

### **§ 4-1 Installasjon**

Kommunen leverar vassmålarar som måler opptil 2,5 kubikkmeter pr. time. Abonntenen må sjølv sørge for å installera vassmålar. Kommunen avgjer type, plassering og storleik på målar, tilpassa forbruket. Installasjon og plombering av vassmålaren skal utførast av ein godkjend røyrleggjar i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande reglar.

### **§ 4-2 Eigartilhøve**

Vassmålaren er kommunen sin eigendom dersom ikkje anna ordning er avtalt med abonntenen.

### **§ 4-3 Kostnadar**

Kostnadane med drift og utskifting av vassmålarar inngår i årsgebyret, og arbeidet vert utført av kommunen. Abonntenen skal betala eit årleg gebyr for leige av vassmålaren. Satsane for dette vert fastsett i gebyrregulativet.

Abonntenen dekkjer kostnadane forbundne med installasjon og plombering av vassmålar. Der vassmålar er defekt som følgje av frost eller skade, eller har gått tapt, må abonntenen installera og koste ny vassmålar.

For abonntentar med større dimensjon på vassmålaren, skal kost og vedlikehald dekkast av abonntenen. Kommunen godkjenner type og storleik på målar. Det skal betalast eit årleg administrasjonsgebyr til kommunen til dekning av administrasjonen av vassmålaren. Satsen for dette blir fastsett i gebyrregulativet.

### **§ 4-4 Avlesing av vassmålar**

Abonntenen skal, inntil fjernavlesing av målarar er etablert, lese av vassmålaren ein gong pr. år. Forbruksgebyret skal betalast akonto fordelt over 3 terminar.

Dersom kommunen ikkje får vassmålaravlesing som føresett, vil forbruksgebyret bli stipulert i samsvar med § 3-5 i denne føreskrifta.

Kommunen kan sjølv lese av målar utan varsel til abonntenen, og krevje særskild gebyr for dette.

### **§ 4-5 Tilsyn og vedlikehald**

Abonntenen skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonntenen skal føra tilsyn med målar. Blir ein målar skadd eller går tapt, skal abonntenen straks melda frå til kommunen. Som skade reknar ein og at plombering av målar er broten. Der kommunen er eigar av vassmålaren, kan kommunen krevje erstatning for tap eller skade av denne.

Kommunen kan til ei kvar tid føra tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimera seg uoppmoda.

### **§ 4-6 Utskifting, flytting og eigarskifte**

Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan kommunen bestemma at målar skal skiftast ut.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonntenen kostar slik flytting.

Ved eigarskifte skal vassmålar lesast av og målarstand skal sendast til kommunen.

#### **§ 4-7 Nøyaktigheitskontroll**

Kommunen skal rettleia abonnenten om eigna metode for eigen kontroll av målar.

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av målar. Kommunen avgjer om kontrollen skal utførast av kommunen eller av ekstern kontrollinstans. Kontrollen skal utførast med måleutstyr og prosedyrar for måling som er akseptert av Justervesenet. Kontrollen skal gjelde heile det aktuelle måleområdet.

Krev abonnenten nøyaktigheitskontroll av målar, skal abonnenten ta kostnaden ved slik kontroll dersom kontrollresultatet visar mindre enn 5 % for høgt forbruk. I motsett fall dekker kommunen kostnadene.

Dersom målaren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmåling avgrensa av reglane i foreldelsesloven. Dersom målaren viser meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

### **5. Eigendom med midlertidig tilknytning.**

Med midlertidig tilknytning meiner ein bygg/anlegg som har innlagt vatn, men der bygget/anlegget ikkje er i permanent bruk, og berre skal nyttast i ein avgrensa periode. Eit døme på eit slikt anlegg er anleggsbrakker.

Eigar/festar av eigendommen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr for vatn og avløp etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med utrekning på grunnlag av den tida tilknytninga er operativ. Det vert i slike tilfelle betalt etter målt vassforbruk, evt. stipulert på bakgrunn av brakkeriggen sin storleik dersom måledata ikkje skulle vere tilgjengeleg

Det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr for midlertidige tilknytningar, men alle kostnadar som gjeld tilknytning og fråkopling, inkludert sakshandsamingsgebyr, skal belastast eigar/festar av eigendommen.

Midlertidig tilknytning gjeld inntil to år, med moglegheit for å søke om forlenging. Dersom den midlertidige tilknytninga varer over 2 år, skal det betalast halvt tilknytingsgebyr (T/2). Dette gjeld sjølv om det er søkt om forlenging og søknaden er godkjend.

### **6. Avsluttande bestemming**

#### **§ 6-1 Lovpant og tvangsgrunnlag for utlegg**

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigendommen etter pantelova § 6-1. Både årsgebyr og eingongsgebyr for tilknytning er elles tvangsgrunnlag for utlegg.

Gebyr kan krevjast inn av heradet etter reglane om innkrevjing av skatt.

#### **§ 6-2 Klagerett og vedtaksmynde**

Det er ikkje klagerett på gebyr som er fastsett iht kommunen sitt gebyrregulativ, jf. *forvaltningsloven* sine bestemmingar om klage.

Enkeltvedtak etter denne forskrifta vert fatta av kommunen si avdeling for vatn- og avløp, og kan klagast på til særskild klagenemnd oppretta av kommunestyret.

Det kan gjevast fritak frå gebyr heilt eller delvis dersom særlege grunnar tilseier dette.

#### **§ 6-3 Iverksetjing**

Denne føreskrifta erstattar føreskrift om vass- og avløpsgebyr i Voss kommune av 17. februar 2010, og trer i kraft 1. januar 2020,